



Dag Helland er ein god formidlar. Eit fagleg og til dels vanskeleg tema vert gjort forståeleg for alle. I bakgrunnen: Kjell Borge Olsen - leiar i Senioruniversitetet.

Om lag 40 personar møtte fram for å høyra Dag Helland førelesa om virus generelt og Covid 19 viruset spesielt. Helland har i heile sitt vaksne liv jobba med virus- og genforskning, ved Universitetet i Bergen og ved fleire opphald i USA og i Afrika. I dag er Dag Helland pensjonist, men vert framleis brukt som førelesar for studentar.

Virus er organisamar som fører til sjukdomar etter infeksjon. Virus har vore så lenge det har vore liv, i planter, dyr og menneske. Alle har virus og mange av dei er ikkje skadelege. Skal eit virus formeira seg, må det koma seg inn i ei celle og gjera skade. Då er ein infisert.

Dersom viruset er over alt på same tid og aukar kraftig i omfang, vert det kalla ein pandemi. HIV viruset var ein pandemi på 1970 talet. All virusforskning må vera open for ålmugen om den skal reknast som seriøs og ha tiltru i miljøet. Pårekna Covid 19 vaksine i aust Europa byggjer ikkje på open forskning og er difor tvilsam så langt.



[Studentane vart tilvist plass ut frå smittevernreglane.](#)

Dag Helland tok for seg ulike vaksinar til dømes mot koppar, influensa, raude hundar, gulfeber, hepatitt b, meslingar, kusma og HIV. Nokre av desse sjukdomane kjenner mange til frå sin barndom. Influensavaksinen beskyttar berre 60 %. Mykje av forskinga handlar om å finna ut kva medikament som har god effekt. Mykje er framleis usikkert. Til dømes veit ein lite om viruset fører til at ein vert resistente.

Målet må vera ein resikofaktor på mindre enn 1. Sjukdomen går mellom anna på lunge, hjerne, hjarte, nyrer, lever og tarm. Hygiene er viktig for å hindra smitte. Det same er avstand. Auka folkemengd på jorda, der mange lever tett, og mykje reising er faktorar som aukar smittefaren.

Nokre i salen nytta høve til å stilla spørsmål. Professoren svara ut frå den kunnskap ein har om Covid 19 i dag.

Morten Jentoft, kjend frå NRK, kjem i Senioruniversitet i november og vil snakka om Finland/ Russland historisk og ut frå ein nordisk sikkerhetspolitisk ståstad.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal